

*Stine Sofies  
Stiftelse*

*Erlend Aarø*

Det Kongelige Justis- og politidepartement  
Postboks 8005 Dep  
0030 Oslo

Grimstad 2010-01-26

## Høyring – forslag til innføring av etterforskningsplikt ved plutseleg og uventa barnedød

Stine Sofies Stiftelse er ein prosjektorganisasjon med følgende hovudmålsetting;

- FØREBYGGJE vald og overgrep mot barn
- AVDEKKE vald og overgrep mot barn
- IVARETA det valdsutsatte barnet
- PÅVERKE myndigheita til å betre barns rettsvern

Det kan Innleiingsvis presiserast at Stine Sofies Stiftelse imøtekjem alle endringar som kan styrke rettstilstanden og ivaretakinga av barn generelt.

Stine Sofies Stiftelse har i fleire år arbeidet for obligatorisk dødsstedsundersøking, og stiller seg positive til at departementet no har kome med ei alternativ løysing på denne problemstillinga. Stiftelsen meinar dette er eit viktig steg i riktig retning for å ivareta barns rettstryggleik.

I tillegg vil Stiftelsen rette søkelyset på at ein framleis har eit stykke igjen når det kjem til barn som blir mishandla til døde av eigne omsorgspersonar kor ein ikkje kan bevise kven av desse som står bak valden, men at det ikkje er tvilsamt at det er ein av foreldra som har begått den kriminelle handlinga. Dette kan løysast ved at ein innførar eit straffebod om grov omsorgsvikt som gir adgang til å straffe begge to for ikkje å ha fjerna barnet frå faren ved valden. Dette kan gjerast ved at det utarbeidast ein lovheimel der det er mogleg å legge ned subsidiær påstand om grov omsorgssvikt med betydelig skade eller døden til følge. Dette kan skje ved at heimelen blir utforma tilnærma lik The Criminal Law Consolidation Act 1935 Division 1A—Criminal neglect, Section 14—Criminal liability for neglect where death or serious harm results from unlawful act.

Vilkåra vil då vere:

- barnet døde eller vart påført betydelig skade som følgje av den kriminelle handlinga, og
- den sikta hadde ei omsorgsplikt overfor offeret på tidspunktet for den kriminelle handlinga – omfattede foreldre, verje eller andre som har påtatt seg omsorga for barnet.
- Den sikta var eller burde vore klar over at det var ein betydeleg risiko for alvorleg skade som følgje av den kriminelle handlinga
- Den sikta handla ikkje slik ein med rimelegheit kunne forvente av han eller ho får å hindre at barnet blei påført skade, og unnlatinga i å gjere dette, under omstendene, var så alvorlege at straff er påkrevd.

Dette må sjåast som eit supplement til etterforskningsplikta da etterforskningsplikta er eit viktig utgangspunkt for at det seinare skal vere adgang til å tiltale begge omsorgspersonane for grov omsorgssvikt.


I forhold til departementet sitt ynskje om synspunkt på situasjonar og typetilfeller kor barn dør plutselig og uventa som ikkje bør omfattast av etterforskningsplikta, har Stine Sofies Stiftelse ikkje merknadar. I tilfeller kor barn dør plutselig og uventa bør det etterforskast kva som er årsaka til dødsfallet da dette kan vere med både å bekrefte og avkrefte mistanke om straffbare forhold.

Stine Sofies Stiftelse meinar at unnlatinga av å meddele resultatet av etterforskinga bør vidareførast når det innførast etterforskningsplikt i alle tilfeller der barn dør brått og uventa. Det kan vere ei stor påkjenning

for dei pårørande å få brev om at det ikkje føreligg straffbart forhold i samband med barnets dødsfall. Stiftelsen ser ikkje behovet for å opprette ein ny henleggingskode for slike tilfeller.

Stine Sofies Stiftelse har ingen merknader til utforminga av lovteksten. Utforminga gir politiet adgang til å gjennomføre etterforskingsskrift i saker kor born dør plutseleg og uventa, og Stiftelsen reknar med at retningslinjer vil bli utarbeida slik at politiet skal foreta etterforskning i desse tilfella og at bruken av ordet "kan" i lovteksten ikkje har avgjeraende betydning. Stine Sofies Stiftelse vil likevel understreke at slik etterforskning alltid skal foretas ved plutselege og uventa barnedødsfall og at det ikkje skal vere rom for skjønn hos politiet om slik etterforskning vert gjennomført.

Med vennlig hilsen  
Stine Sofies Stiftelse



Mari Jensen  
Jurist

  
Ada Sofie Austegard  
Leiar

Telefon            +47 37 29 40 90

